

RETNINGSLINER FOR HANDSAMING AV FANGSTDOKUMENTASJON FOR MAKRELLSTØRJE, STORAUGA TUNFISK OG SVERDFISK

INNHALD:

1. Bakgrunn

2. Systemet med fangstdokument og reeksportdokument

2.1 Om fangstdokumentasjonsforskrifta

2.2 Generelt om dokumenta

3. Landing av bifangst fra norsk fartøy

4. Innanlands omsetnad

5. Eksport

6. Import og landing frå utanlandsk fartøy

7. Reeksport

8. Utfylling av fangstdokument og reeksportdokument

Kontaktar:

FMC: Fisheries Monitoring Center

Tlf: 55 23 83 36

Fax: 55 23 82 76

E-post: portstatecontrol@fiskeridir.no

Hilde Ognedal

Tlf: 920 89 516

E-post: Hilde.Ognedal@fiskeridir.no

1. Bakgrunn

Bestandane av makrellstørje (*Thunnus thynnus*), storauga tunfisk (*Bigeye tuna/Thunnus obesus*) og sverdfisk (*Xiphias gladius*) er i dårleg forfatning. Den regionale forvaltingsorganisasjonen The International Commission for the Conservation of Atlantic Tuna (ICCAT) har sett iverk ei rekkje tiltak for å gjenoppbyggje bestandane. Mellom anna er det etablert eit fangstdokumentasjonssystem med krav om at det skal følgje eit særskilt fangstdokument med ved landing, innanlands omsetnad, import og eksport av nevnte fiskeslag. Ved reeksport skal det i tillegg følgje eit reeksportdokument med sendinga.

Bestanden av makrellstørje er så nedfiska at Noreg har innført forbod for norske fartøy mot å fiske og lande makrellstørje, jf. forskrift om forbod mot fiske av makrellstørje § 1. Levedyktig bifangst skal alltid sleppast på sjøen. Berre død eller døande bifangst av makrellstørje kan landast, jf. § 2 andre lekk. Det gjeld ikkje eit tilsvarande forbod mot fiske etter storauga tunfisk og sverdfisk, men norske fiskefartøy driv ikkje kommersiell fangst av desse artane. Det kan inntreffe bifangst.

ICCAT sitt regelverk om fangstdokumentasjon er implementert i norsk rett gjennom forskrift om fangstdokumentasjon for makrellstørje (*Thunnus thynnus*), storauga tunfisk (*Bigeye tuna/Thunnus obesus*) og sverdfisk (*Xiphias gladius*) (fangstdokumentasjonsforskrifta)¹.

2. Systemet med fangstdokument og reeksportdokument

2.1 Om fangstdokumentasjonsforskrifta

Fangstdokumentasjonsforskrifta stiller krav om særskilt fangstdokumentasjon for makrellstørje, storauga tunfisk og sverdfisk i følgjande situasjonar:

- **Landing:** Det skal skrivast ut fangstdokument ved landing, jf. fangstdokumentasjonsforskrifta § 3. Den som er ansvarleg på fiskefartøyet skal gje Fiskeridirektoratet ved Fisheries Monitoring Center (FMC) dei opplysingane som er naudsynte for å fylla ut fangstdokument.
- **Innanlands omsetnad:** Dersom fisk som er landa i Noreg skal omsetjast innanlands, må godkjent fangstdokument følgje med sendinga, jf. forskrifta § 4.
- **Eksport:** Det er forbode å eksportere nemnde fiskeslag som er landa av norske fartøy utan at godkjent fangstdokument følgjer med sendinga, jf. forskrifta § 6. Med eksport vert meint at fisk som er landa i Noreg vert sendt ut av landet.
- **Import:** Det er forbode å importere makrellstørje, storauga tunfisk og sverdfisk dersom sendinga ikkje vert følgt av godkjent fangstdokument, jf. § 5.
- **Reeksport:** Reeksport er forbode dersom det ikkje følgjer både godkjent fangstdokument og eit særskilt reeksportdokument med forsendinga, jf. § 7. Med reeksport vert meint at fisk som har vorte importert til eitt land, vert sendt ut igjen frå landet.

Forskrifta gjeld kun fersk eller frosen fisk. Andre deler av fisken enn sjølve kjøtet er ikkje omfatta av kravet om fangstdokumentasjon. Det vil seie at hermetikk, hovud, auge, rogn,

¹ Forskrifta er tilgjengeleg på Fiskeridirektoratet sine heimesider som J-melding nr. J-64-2009, og ligg som vedlegg 2 til desse retningslinene

innvollar og hale kan omsetjast innanlands, importarast, eksporterast og reeksporterast utan fangstdokument eller reeksportdokument.

2.2 Generelt om dokumenta

Når fangstdokument skal skrivast ut, skal ICCAT sitt dokument brukast:

- ICCAT Bluefin Tuna Catch Document,
- ICCAT Bigeye Tuna Statistical Document, eller
- ICCAT Swordfish Statistical Document.

Når reeksportdokument skal skrivast ut, skal ICCAT sitt dokument brukast:

- ICCAT Bluefin Tuna Re-export Certificate,
- ICCAT Bigeye Tuna Re-export Certificate, eller
- ICCAT Swordfish Re-export Certificate.

Det skal skrivast ut eitt dokument for kvar enkelt fisk som vert landa, og dokumenta må fyllast ut på engelsk.

ICCAT sitt regelverk krev at kvart fangstdokument og reeksportdokument skal ha eit unikt identifikasjonsnummer og at dokumenta skal godkjennast særskilt av den myndigheit som skriv ut dokumentet. I Noreg er det Fiskeridirektoratet som gjev fangstdokumenta identifikasjonsnummer og som godkjenner dokumenta.

Dersom fisk vert delt opp i ulike sendingar, skal kopi av fangstdokumentet og eventuelt reeksportdokument følgje med kvar del. Kvar kopi skal då vere godkjent med stempel og underskrift.

Dersom fisken har vorte sendt gjennom fleire land, skal dette vere ført på dokumenta, og kopi av fangstdokument og reeksportdokument frå all eksport, import og reeksport skal følgje forsendinga.

Den ansvarlege på fiskefartøyet pliktar å oppbevare fangstdokumentet i to år etter landing. Tilsvarande pliktar importør, eksportør og reeksportør å oppbevare fangstdokument og eventuelt reeksportdokument i to år etter at importen, eksporten eller reeksporten fant stad.

3. Landing av bifangst frå norsk fartøy

Ved landing frå norsk fartøy av bifangst av makrellstørje, storauga tunfisk eller sverdfisk pliktar den som er ansvarleg på fiskefartøyet å fylle ut fangstdokumentskjema, signere det og sende det til Fiskeridirektoratet. FMC mottar dokumentet, kontrollerer at dei oppgitte opplysingane er korrekte og skriv ut fangstdokument, dersom fisken er lovleg fanga.

Fangstdokument og reeksportdokument for dei ulike fiskeslaga er tilgjengelege i wordformat (excel for fangstdokument for makrellstørje) på direktoratet sine heimesider under Skjema/Skjema for fiske, fangst og akvakultur, og følgjer desse retningslinene som vedlegg 1. Utfylte dokument skal sendast til Fiskeridirektoratet ved FMC på faks: 55 23 82 76, eller e-post: portstatecontrol@fiskeridir.no
Informasjon om korleis fangstdokument skal fyllast ut følgjer nedanfor under punkt 8.

FMC kontrollerer innsendte sluttsetlar kvar veke for å undersøkje om det er gjort landingar av makrellstørje, storauga tunfisk eller sverdfisk. Fisk av desse tre fiskeslaga skal ikkje omsetjast utan godkjent fangstdokument.

4. Innanlands omsetnad

Ved innanlands omsetnad av makrellstørje, sverdfisk og storauga tunfisk som har vorten landa i Noreg vert det kravt at kvar sending vert følgd av godkjent fangstdokument skrive ut av Fiskeridirektoratet, jf. fangstdokumentasjonsforskrifta § 4. Ved forsetteleg eller uaktande brot på forskrifta kan straff ileggjast etter § 10.

5. Eksport

Eksport utan gyldig fangstdokument er forbode etter forskrifta § 6.

FMC kontrollerer eksport av makrellstørje, storauga tunfisk og sverdfisk ved å gå gjennom opplysingar som vert motteke fra Toll- og avgiftsdirektoratet. Dersom aktuelle fiskeslag er eksportert utan gyldig fangstdokument vil reaksjon etter forskrifta § 10 verte vurdert.

6. Import og landing frå utanlandsk fartøy

For norske tilhøve er det særleg import av makrellstørje, storauga tunfisk og sverdfisk som kan vere aktuelt. Ved import skal gyldig fangstdokument følgje med forsendinga. Dersom fisk som vert reeksportert frå eit land blir importert til Noreg, skal det følgje både fangstdokument og reeksportdokument med forsendinga.

Fangstdokumenta og reeksportdokumenta har eit eige punkt der importøren skal oppgje namn, adresse, signatur og dato. Dersom produktet som vert importert er ferskt, kan punktet fyllast ut av den som fortollar på vegne av importøren. Denne skal då i tillegg til opplysingar om importør, føre opp eige namn og signere. Nedst på dokumentet skal den endelege importstaden førast på.

Importør skal straks fylle ut punktet om import og sende kopi av utfylt fangstdokument og eventuelt reeksportdokument til Fiskeridirektoratet, jf. forskrifta § 5. Likt med import stiller landing i Noreg frå utanlandsk fartøy.

Dokumenta skal sendast til Fiskeridirektoratets FMC på
faks: 55 23 82 76
tlf: 55 23 83 36
eller e-post: portstatecontrol@fiskeridir.no

FMC vil kontrollere at fangstdokument og reeksportdokument følgjer med ved import av nemnde fiskeslag. Ein tar utgangspunkt i det unike identifikasjonsnummeret som alle fangstdokument og reeksportdokument skal ha. Dokumentnumra på mottekne dokument vert samanlikna med opplysingar frå tollvesenet om tolldeklarering av import, eksport og reeksport av nemnde fiskeslag. Vidare kontrollerer FMC at mottekne fangstdokument og reeksportdokument er gyldige.

Import utan gyldige dokument er forbode etter fangstdokumentasjonsforskrifta. Ved forsetteleg eller uaktande overtreding av forskrifta kan straff ileggjast etter § 10.

7. Reeksport

Ved reeksport skal fisken følgjast av eit godkjent reeksportdokument i tillegg til fangstdokumentet. Dersom desse fiskeslaga vert reeksportert frå Noreg, skal reeksportdokument skrivast ut av FMC. Den som står for reeksporten fyller då ut reeksportdokument, signerer det og sender det til Fiskeridirektoratet sin FMC saman med fangstdokumentet som følgde med ved importen.

Fangstdokument og reeksportdokument for dei ulike fiskeslaga er tilgjengelege i wordformat (excel for fangstdokument for makrellstørje) på direktoratet sine heimesider under Skjema/ Skjema for fiske, fangst og akvakultur, og følgjer desse retningslinene som vedlegg 1.

Utfylte dokument skal sendast til Fiskeridirektoratet ved FMC på

faks: 55 23 82 76, eller e-post: portstatecontrol@fiskeridir.no

Informasjon om korleis fangstdokument skal fyllast ut følgjer nedanfor under punkt 8.

FMC mottar dokumenta, kontrollerer at dei oppgitte opplysingane er korrekte og skriv ut reeksportdokument.

Vidare vil FMC kontrollere reeksport av makrellstørje, storauga tunfisk og sverdfisk ved å gå gjennom opplysingar som vert mottekne frå Toll- og avgiftsdirektoratet. Dersom aktuelle fiskeslag er reeksportert utan gyldig reeksportdokument og fangstdokument, vil reaksjon etter forskrifta § 10 verte vurdert.

8. Utfylling av fangstdokument og reeksportdokument

Nedanfor vert enkelte punkt i fangstdokumenta og reeksportdokumenta omtala:

- Det skal skrivast ut eitt dokument for kvar enkelt fisk som vert landa i Noreg.
- I samband med at ein skal gje opplysingar om fartøyet som fanga fisken, er det i dokumenta sett av plass til å oppgje ICCAT Record No. Dette refererer til ICCAT sine register over fartøy som er autorisert til å fiske tunfisk og tunfiskliknande artar. Etersom Noreg har forbod mot å fiske makrellstørje, og norske fartøy ikkje driv kommersielt fiske etter storauga tunfisk og sverdfisk, er ikkje norske fartøy ført i ICCAT sitt register. Punkta kan difor fyllast ut med N A (not applicable).
- For **makrellstørje** er det sett av eit eige punkt til å beskrive fangsten som vert landa.
 - * Her skal ein oppgje i kva område fangsten vart gjort. Det er då nok å oppgje om bifangsten vart teken i Det nordlege atlanterhav, Det sørlege atlanterhav, Middelhavet, Stillehavet eller Det indiske hav.
 - * Når det gjeld opplysingar om talet på fisk, er det i ICCAT sitt skjema lagt opp til at heile fangsten kan beskrivast i eitt dokument. I Noreg krev ein likevel at det vert skrive ut eitt dokument per fisk. Talet på fisk skal difor alltid gjevast opp som ein.
 - * Under total vekt oppgjev ein i rund/levande vekt. Snittvekt skal fyllast ut med N A. Dersom rund/levande vekt ikkje er tilgjengeleg, skal vekta av det bearbeidde produktet oppgjevast, og det bearbeidde produktet beskrivast etter ICCAT sine kodar for produktbeskriving jf. eige kulepunkt nedanfor.
 - * Punktet TAGS No gjeld merking av fisk, og under ICCAT Record No of Joint fishing operation skal eventuelt registernummer for samfiske førast inn. Dette er ikkje aktuelt i Noreg, slik at NA kan førast her.
 - * Punkta 3 til 7 i fangstdokument for makrellstørje kan normalt fyllast ut med NA.

- Både fangstdokumenta og reeksportdokumenta krev ei produktbeskriving av fisken som vert omsett. Tilstanden til fisken oppgjev ein etter ICCAT sine kodar. Nærare forklaring av kodane finn ein nedanfor i eige kulepunkt.
 - For makrellstørje oppgjev ein opplysingar om fersk og frosen fisk i separate liner.
 - For storauga tunfisk og sverdfisk skal det brukast ei line per produkttype, og for kvar produkttype må det først opp om fisken er fersk (F) eller frosen (FR).
 - Opplysingane skal ein gje opp i kilo.

- ICCAT har følgjande kodar som må brukast for å beskrive bearbeida fisk:

F	=	fersk fisk
FR	=	frosen fisk
GG	=	sløyd fisk
DR	=	sløyd og hovudkappa fisk
FL	=	filet
ST	=	kotelett
OT	=	anna, spesifiser kva slags produkt det er snakk om.

- ICCAT har følgjande kodar som må brukast for å beskrive fiskereiskap:

<i>GEAR CODE</i>	<i>GEAR TYPE</i>	<i>NORSK NAMN</i>
BB	BAITBOAT	AGNFISKE
GILL	GILLNET	GARN
HAND	HANDLINE	HANDSNØRE
HARP	HARPOON	HARPUN
LL	LONGLINE	LINE
MWT	MID-WATER TRAWL	FLYTETRÅL
PS	PURSE SEINE	RINGNOT
RR	ROD AND REEL	STANG
SPHL	SPORT HANDLINE	SPORTSFISK MED LINE
SPOR	SPORT FISHERIES UNCLASSIFIED	ANNA SPORTSFISKE
SURF	SURFACE FISHERIES UNCLASSIFIED	FISKE I OVERFLATA
TL	TENDED LINE	FLØYTLINE
TRAP	TRAP	TEINE
TROL	TROLL	DORG
UNCL	UNSPECIFIED METHODS	USPESIFISERT REISKAP
OT	OTHER TYPE	ANNA

Dersom anna utstyr er brukt (OT), må det beskrivast kva type utstyr som er brukt.

- Ein skal også oppgje opplysingar om omsetnaden av fisken.
 - For makrellstørje skal desse opplysingane gjevast både for fisk som vert omsett innanlands og når fisk vert eksportert.
 - For storauga tunfisk og sverdfisk vert det kravd berre at dette vert fylt ut når fisken vert eksportert. Her skal organisasjonsnummer i Foretaksregisteret i Brønnøysund først på.
 - Eksportør, reeksportør, eller selgjar dersom makrellstørje vert omsett innanlands, må signere dokumentet før det kan godkjennast.
 - Ved eksport av sverdfisk må det dokumenterast at fisken var over 15 kilo.
- Punktet om importør skal fyllast ut etter at fisken er eksportert/importert.

- For makrellstørje vert det kravd at dette punktet også skal fyllast ut ved innanlands omsetnad. Då er det opplysingar om kjøpar ein skal oppgje. Ved innanlands omsetnad av storauga tunfisk og sverdfisk er det ikkje kravd at punktet må fyllast ut.
- Utgangspunktet er at importøren skal fylle ut punktet, men dersom produktet som vert importert er ferskt, kan punktet fyllast inn av den som tar fortolling på vegne av importøren. Denne skal då i tillegg til opplysingar om importør, føre opp eige namn og signere.
- Nedst på dokumentet skal den endelege importstaden førast på.
- Eventuelle transportdokument skal følgje med fangstdokumentet som vedlegg. Nedst på fangstdokument og reeksportdokument må det førast på kor mange vedlegg som følgjer med.
- Reeksportdokumenta skal i stor grad innehalde tilsvarende opplysingar som fangstdokumenta, men krev i tillegg at det vert lagt inn opplysingar som kan knyte fisken som vart importert opp mot fisken som vert reeksportert.
 - For makrellstørje skal fangstdokumentnummeret for fisken som vart importert oppgjevast. Dette bør også gjerast i reeksportdokumenta for storauga tunfisk og sverdfisk, sjølv om det ikkje vert kravd i sjølve dokumentet.
 - Det opphavleg godkjende fangstdokumentet og eventuelle transportdokument skal følgje med reeksportdokumentet som vedlegg.
- Meir informasjon om utfylling av dokumenta finn ein i ICCAT sine rekommandasjonar: 01-21, 01-22, 03- 19 og 08-12. Rekommandasjonane er tilgjengelege på ICCAT si heimeside: www.iccat.int under Management/Resolutions, Recommendations and other Decisions.

VEDLEGG:

- | | |
|-----------|---|
| Vedlegg 1 | Fangstdokument og reeksportdokument for makrellstørje, storauga tunfisk og sverdfisk |
| Vedlegg 2 | Forskrift om fangstdokumentasjon for makrellstørje (<i>Thunnus thynnus</i>), storauga tunfisk (<i>Bigeye tuna/Thunnus obesus</i>) og sverdfisk (<i>Xiphias gladius</i>) (fangstdokumentasjonsforskrifta). |